



Fortidsminneforeningen Bergen og Hordaland  
avdeling  
Klostergaten 28  
5005 BERGEN

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/378-22  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Stranges Stiftelse, gnr 165 bnr 272, Bergen - Askeladden ID:174313-1 Statsbudsjettet 2014 kap 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap**

Vi viser til søknaden Dykkar, dagsett 27.11.2013.

Søknaden vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i møte 09.04.2014, sak 49/14.

Dei vedtok å gje eit **førehandstilskot for 2015 på kr 600.000,-** av midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland.

Vi syner til vedtak i kultur- og ressursutvalet:

*Fortidsminneforeningen har søkt om å få dekka kr. 800.000 av ein total kostnad på kr. 860.000. Dette er eit tiltak der administrasjonen rår til å fråvike kravet om at løvinga berre skal dekke antikvariske meirkostnader. Tiltrår førehandstilsegn for 2015 kr. 600.000*

Sidan tilskotet er på kr. 600.000, og søknadssummen dykker er større, bed vi om at skifting av tak får første priorititet. Er det midlar att når dette arbeidet er gjort, kan dei nyttast til utskifting av øydelagde bygningsdelar. Kontaktperson i HFK er Roald Landøy når det gjeld den faglege utføringa, og Stein Ottosen når det gjeld økonomi/utbetalingar.

### **Tidsavgrensing**

Tilsegna er gitt for inneverande år og kan overførast til neste år. Tilsegna fell bort etter 2 år dersom ikkje særskilte grunnar tilseier at prosjektet kan forlengast. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

### **Førehandstildeling**

Tilskotet er eit førehandstilskot for 2015, og kan ikkje utbetalast før til neste år.

### **Godkjende planar**

Det må liggja føre planar godkjende av seksjon for kulturminnevern og museum, **før** arbeidet vert sett i gang.

*Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra*

*detaljert. Hastar det med å koma i gang med arbeidet, kan De ringa oss v/ David Sandved 55 23 91 85), så skal me vera så raske og fleksible som mogleg for å få det formelle på plass.*

#### **Arbeidsgjevaransvar**

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søker, som må forskottera utbetalinga.

#### **Vilkår for utbetaling av tilskot**

Det utførte arbeidet skal godkjennast av seksjon for kulturminnevern og museum for utbetaling. Søkjær må senda oss reknerekapersikt med kopiar av bilag tilsvarende ein sum minst så stort som tilskotet. Det må takast etterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet, dokumentert med fotografi, både før og etter arbeidet.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysingane ein finn påkrevd for sin kontroll.

#### **Retningslinene frå Riksantikvaren**

Vi legg ved retningslinene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast 4 veker etter at dette brevet er motteke.

Vedtaket kan pålagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Riksantikvaren      Postboks 8196 Dep.  
Bergen kommune      Postboks 7700